


Bli med og syng Mariamusikk!

14.01.2010



Maria Malmsten med dei to korleiarane Svein Rimestad og Jarle Fossheim. Dei har Mariamusikken mellom seg! (Foto: Ola Matti Mathisen)

#### Bli med og syng Mariamusikk frå mellomalderen!

**Det lyder oppmodinga frå den utrettelege dirigenten for Røysterett for alle og Rosendal Songlag Maria Malmsten i samband med at dei to kora skal samarbeida om Mariamusikk-song i år, slik dei også gjorde i fjor.**

Det var eit svært vellukka samarbeid, men dirigenten vil gjerne ha med fleire songarar. Det blir konserter 12. og 13. mars - i Kvinnherad og Valen kyrkjer. Prosjektet startar med seminar i Skånevik neste helg og interesserte er sjølvsagt velkomne til å delta også der. Leiarane Svein Rimestad og Jarle Fossheim kan gje ytterlegare informasjon og ta i mot påmeldingar.

Kva er så Mariamusikk? Det er ein fulltonande hyllest til Maria og alt som er skreve og sunge om Jesu mor. Svensken Anders Øhrvall samla og gav ut 12 renessansemelodiar i 1974 som eit bestillingsverk til korfestivalen Nordklang. Melodiane skriv seg frå Tyskland, Frankrike, England og Sverige og har vore framført mange gonger rundt om i Skandinavia og særleg i Sverige. Maria Malmsten har for sin del vore gjennom det halvtimelange verket 3 gonger men framføringa i fjor var første gongen ho dirigerte det. Det har til no vore presentert to gonger i Kvinnherad.

Melodiane er ordna kronologisk i høve til livsløpet til Maria. Maria Malmsten seier at dei er veldig fine, nokre er firestemte og nokre heilt opp i sjustemte. Verket er ikkje spesielt krevjande, men altså svært variert. Det gjeld difor å vera 'på hugget' heile tida for med eitt skiftar tempo og rytme, seier Maria.

Av Ola Matti Mathisen